
NAVs BEDRIFTSUNDERSØKING 2023:

Redusert mangel på arbeidskraft

© NAV mai 2023

EIER

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 354
8601 Mo i Rana

Rapporten er tilgjengelig på
www.nav.no/omverdensanalyse

ISBN: 978-82-551-2536-5
ISSN (digital): 1891-005X
ISSN (trykt): 1504-7482

NAVs BEDRIFTSUNDERSØKING 2023: Redusert mangel på arbeidskraft

Av Kristian Harald Myklathun¹

NAV-rapport 2023: 5

¹ Takk til analyse- og statistikk-kontaktene ved alle NAVs fylkeskontor for bidraget til gjennomføring av datainnsamlinga for undersøkinga.

Innhold

1. Samandrag	5
2. Innleiing	6
3. Hovudtendensar	7
Mange opplever rekrutteringsproblem	7
Redusert, men framleis stor mangel på arbeidskraft	8
Reduserte sysselsettingsforventingar	10
4. Nokre utvalde næringar	12
Størst mangel innan helse- og sosialtenestene	12
Størst optimisme innan informasjon og kommunikasjon	12
Økt pessimisme i industrien	12
Redusert mangel innan bygg- og anleggsnæringa	14
Redusert optimisme innan overnattings- og serveringsverksemd	15
Rekrutteringsvanskar innan bergverksdrift og utvinning av råolje og naturgass	16
Offentleg sektor	16
5. Tabellvedlegg	17
6. Metodisk vedlegg	25
Spørreskjema	27

1. SAMANDRAG

NAVs bedriftsundersøking kartlegg etterspurnaden etter og mangel på arbeidskraft, både fylkesvis, innanfor den enkelte næring, og for enkeltyrker. Vi estimerer mangelen på arbeidskraft til 52 850 personar. Mangelen på arbeidskraft er klart størst innan helse- og sosialtenester, der vi estimerer mangelen til 14 600 personar.

Mangelen har gått betydeleg ned frå det rekordhøge nivået vi observerte i fjor, men samla sett er mangelen på arbeidskraft framleis høg, og dei siste ti åra er det berre i 2022 og i 2019 at mangelen har blitt estimert til eit høgare nivå enn i 2023. Mangelen har gått spesielt

mykje ned innan bygg og anleggsverksemd, der vi anslår at mangelen har gått ned med 45 prosent frå i fjor.

Enkeltyrka med størst mangel er helseyrkene sjukepleiar, helsefagarbeidar og samlegruppa andre helseyrker. I tillegg er det mangel på ulike fagarbeidarar, som kokkar, tømrarar og elektrikarar.

Også forventninga om sysselsettinga framover er svakare enn i fjor, og i år er nettoandelen verksemdar som ventar vekst i sysselsettinga det komande året på 13 prosent, og er dermed på sitt lågaste nivå sidan 2016.

2. INNLEIING

Situasjonen i norsk økonomi har vore god det siste året. Arbeidsløysa har vore på sitt lågaste nivå sidan før finanskrisa i 2008, og vi må like langt tilbake for å finne sist gong veksten i fastlandsøkonomien var høgare enn i 2021 og 2022. I ljøs av dette var det ikkje overraskande at vi i fjorårets undersøking estimerte at mangelen på arbeidskraft var på sitt høgaste nivå sidan 2008. Sidan førre undersøking har prisveksten auka kraftig, og for å forsøke å stogge prisveksten har sentralbanken auka styringsrenta i fleire omgangar, frå 0 prosent i oktober 2021, til 3 prosent i mars i år. Trass i desse utfordringane har makroøkonomien, og talet på arbeidslause, helde seg på eit stabilt nivå. Talet på ledige stillingar, som er ein indikator på etterspurnaden etter arbeidskraft, har derimot gått noko ned sidan det rekordhøge nivået våren 2022. Årets undersøking gir eit innblikk i verksemdene sine bemanningsplanar framover, og kva kompetanse dei opplever mangel på.

Bedriftsundersøkinga kartlegg etterspurnadssida av arbeidsmarknaden. Undersøkinga gir eit augeblikksbilde av verksemdenes etterspurnad etter arbeidskraft, og gir innsikt i eventuelle vanskar med å skaffe den etterspurde kompetansen. Kunnskap om kva typar kompetanse arbeidsgjevarane har problem med å få tak i er viktig for at NAV skal kunne yte god service overfor arbeidssøklarar og arbeidsgjevarar. Vi nyttar informasjonen om verksemdene sitt behov for ulike typar arbeidskraft, og kva stillingar det er vanskeleg å få kvalifiserte søklarar til, til å estimere mangelen på arbeidskraft.

Undersøkinga gir også innsikt i verksemdene sitt bemanningsbehov framover. NAVs sysselsettingsbarometer syner om verksemdene ventar å auke, redusere eller å ha like mange tilsette det komande året. Verksemdene sine forventingar til framtidig sysselsetting tek temperaturen i arbeidsmarknaden og gir ein peikepinn på kva utvikling vi kan vente oss i månadane som kjem.

Undersøkinga vert gjennomført blant eit representativt utval av alle landets offentlege og private verksemdar. Utvalet er trekt frå Bedrifts- og Føretaksregisteret. 10 628 verksemdar svarte på undersøkinga, og det utgjorde 74 prosent av verksemdene som vart trekte ut til å svare. Svara vert samla inn fylkesvis. Undersøkinga vart gjennomført frå 30. januar til 17. mars i år. Resultata vert presentert både nasjonalt og regionalt, samt etter næring. Regionane følgjer dagens regionstruktur i NAV, som stort sett følgjer fylkesgrensene som tredde i kraft 01.01.2020. Unntaket er Viken som i NAV er delt i to områder; Vest- og Øst-Viken. Vest-Viken består av Buskerud samt Asker og Bærum, medan Øst-Viken består av Østfold og dei resterande kommunane i Akershus. Lunner kommune inngår i NAV Hadeland som tilhøyrer NAV Innlandet. Sjølv om Lunner kommune geografisk sett tilhøyrer Viken, inngår Lunner difor i de fylkesvise resultata for Innlandet.


3. HOVUDTENDENSAR

Mange opplever rekrutteringsproblem

Samlet sett svarer 26 prosent av verksemdene at dei har hatt problem med å få tak i arbeidskraft dei siste tre månadane (figur 1). 16 prosent oppgjev at dei ikkje fekk tilsett nokon, medan 10 prosent oppgjev at dei


tilsette nokon med lågare eller annan formell kompetanse enn det dei søkte etter. Trass i eit meir utfordrande makroøkonomisk bilete er prosentdelen som opplever rekrutteringsproblem berre eitt prosentpoeng lågare enn i fjor.

Figur 1. Verksemdar som ikkje har lukkast i å rekruttere arbeidskraft eller har måtta tilsette nokon med annan eller lågare formell kompetanse enn dei søkte etter, etter region/fylke. Prosent



Kjelde: NAV

Figur 2. Verksemdar med rekrutteringsproblem som skuldast for få/ingen kvalifiserte søkjarar eller om det er andre grunnar, etter region/fylke. Prosent



Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse

Verksemdar med rekrutteringsproblem vert spurt om rekrutteringsproblema skuldast for få kvalifiserte søkjarar på stillinga(ne), eller om det skuldast andre grunnar. 22 prosent oppgjev at dei hadde rekrutteringsproblem grunna for få kvalifiserte søkjarar, medan 4 prosent oppgjev at det skuldast andre grunnar (figur 2). Verksemdene i dei to nordlegaste fylka oppgjev i størst grad problem med å få tak i arbeidskraft med ønska kvalifikasjonar.

Redusert, men framleis stor mangel på arbeidskraft

På bakgrunn av verksemdenes svar har vi estimert mangelen på arbeidskraft våren 2023 til 52 850 personar (tabell 1). Dette er 17 400 færre enn på same tid i fjor, men likevel høgare enn både 2021 og 2020 (rett før pandemien). Utanom 2022 er det berre i 2019 at vi har estimert ein høgare mangel dei siste 10 åra. Sidan dette er ei utvalsundersøking er det usikkerheit knytta til estimata på mangel av arbeidskraft. Basert på modellen kan vi sei med 95 prosent sannsyn at det

manglar mellom 43 500 og 62 200 personar. Størrelsen på usikkerheita i estimata for dei ulike næringane og fylka vert presentert i figur 9 og 10 i metodevedlegget.

Målt i absolutte tal er mangelen på arbeidskraft størst i Oslo, med 6 650 personar, fylgt av Øst-Viken, med 5 800 personar (tabell 1). Målt ved stramleiksindikatoren (sjå faktaboks) er mangelen størst i Troms og Finnmark, fylgt av Nordland. Samanlikna med i fjor er den estimerte mangelen på arbeidskraft lågare i dei fleste fylka, med unntak av Troms og Finnmark, der vi estimerer at mangelen på arbeidskraft er noko høgare enn i fjor. Det er verdt å merke seg at dette fylket var det einaste som ikkje hadde ein auke i mangelen i fjor. Den største nedgangen i arbeidskraftsmangel er i Øst-Viken, der vi estimerer at mangelen har gått ned med 3 950 personar. Dette fylket hadde i fjor den største auka i mangelen, og svarprosenten i Øst-Viken er noko lågare enn i dei andre fylka, noko som medfører at usikkerheita knytta til estimatet er noko høgare enn i dei andre fylka.

Tabell 1. Estimert mangel på arbeidskraft etter fylke/region. 2023

	Mangel på arbeidskraft i antall personer	95 % konfidensintervall for estimert mangel , nedre grense	95 % konfidensintervall for estimert mangel , øvre grense	NAVs stramhetsindikator	Prosentvis andel virksomheter med alvorlige rekrutteringsproblemer
Øst-Viken	5 800	4 908	6 803	1,9	23
Vest-Viken	4 050	3 401	4 824	1,7	18
Oslo	6 650	5 118	8 317	1,3	18
Innlandet	3 250	2 745	3 801	1,8	21
Vestfold og Telemark	3 500	3 055	4 029	1,8	20
Agder	2 850	2 294	3 523	2,0	19
Rogaland	4 750	3 731	5 733	1,8	21
Vestland	5 250	4 369	5 906	1,6	22
Møre og Romsdal	3 350	2 460	4 090	2,5	22
Trøndelag	5 400	4 454	6 123	2,2	22
Nordland	3 500	3 076	3 987	2,9	25
Troms og Finnmark	4 450	3 883	5 074	3,5	28
Totalt	52 850	43 494	62 210	1,9	22

Kjelde: NAV

Mangel på arbeidskraft - Definisjon

For å kartlegge omfanget av verksemdenes rekrutteringsproblem er det nyttig å måle mangel på arbeidskraft i tal på personar. Mangel på arbeidskraft blir i NAVs bedriftsundersøking definert av ein sekvens beståande av tre spørsmål. Verksedene blir bedne om 1) å svare på om dei har mislukkast med å rekruttere arbeidskraft dei siste tre månadane, eller om dei har mått tilsetje nokon med lågare eller annan formell kompetanse enn det dei søkte etter. Dersom svaret er ja, vert verksedene bedne om 2) å oppgje om dette skuldast for få kvalifiserte søkjarar. Dersom dette er tilfelle, vert dei bedne om 3) å oppgje kor mange stillingar det gjeld, og innanfor kva yrke.

Svara på det siste spørsmålet utgjer mangelen på arbeidskraft innan den enkelte verksenda. Basert på dette estimerer vi mangelen på arbeidskraft innan dei enkelte yrke. Vi skil ikkje på heiltids- og deltidsstillingar i den estimerte mangelen.

Det kan vere mangel på arbeidskraft innan yrkesgrupper som vi ikkje fangar opp i undersøkinga. Det kan til dømes vere yrker der berre éi verksend har oppgjeve mangel på éin person, og som dermed får ein estimert mangel på tilnærma null. Det kan også vere yrker vi ikkje får fanga opp blant verksende som har svart.

På grunn av endringar i estimeringsmodellen og spørreskjema frå og med 2012, kan mangelen på arbeidskraft berre samanliknast med resultata frå og med 2012.

Stramleiksindikatoren

Stramleiksindikatoren er forholdstalet mellom mangelen på arbeidskraft og ønska sysselsetting, der ønska sysselsetting er lik den faktiske sysselsettinga pluss mangelen. Stramleiksindikatoren uttrykker dermed kor stor prosentdel av den ønska sysselsettinga den estimerte mangelen utgjer. Eit høgt forholdstal indikerer at arbeidsmarknaden er stram, noko som isolert sett indikerer eit problem med å rekruttere arbeidskraft til verksedene. Den estimerte mangelen på arbeidskraft i tal på personar vil ha samanheng med kor stor yrkesgruppa er, medan den relative mangelen, målt ved stramleiksindikatoren, vil ta omsyn til ulik størrelse på yrkesgruppene.

Det vert presentert to stramleiksindikatorar. Éin for yrker (STYRK-08) og éin for næringsgrupper (SN2007). I stramleiksindikatorane er tal på personar verksedene manglar basert på resultata frå NAVs bedriftsundersøking våren 2023. Sysselsettingstala er henta frå Statistisk sentralbyrås registerbaserte sysselsettingsstatistikk frå fjerde kvartal 2022. Statistikken vert gitt ut ein gong per år, slik at dette er den siste sysselsettingsstatistikken som foreligger.

Stramleiksindikatoren er ikkje nødvendigvis direkte samanliknbar mellom næringar som primært er i offentleg sektor og dei som primært er å finne i privat sektor. Medan private føretak truleg uttalar seg om mangelen på arbeidskraft ut frå faktisk behov, vil offentlege verksender i større grad ta omsyn til rammene som offentlege budsjett setter når dei svarer på kor mange personar dei manglar. Denne skilnaden mellom offentleg og privat sektor gjeld også for dei enkelte yrkesgruppene.

Når vi fordeler mangelen etter same yrkesgruppeinndeling som NAV nyttar i arbeidsløsestatistikken finner vi at det er størst mangel innan helse, pleie og omsorg, estimert til 13 000 personar, noko som utgjer ein nedgang på 2 750 frå i fjor (tabell 2). Det er særleg stor mangel på sjukepleiarar (4 650), helsefagarbeidarar (2 700), og andre helseyrker² (1 950) (tabell 7). Mangelen innan denne yrkesgruppa har vore høg over fleire år.

Den nest største mangelen er etter bygge- og anleggsarbeidarar, der vi no estimerer mangelen til 6 750 personar. Dette er likevel ein betydeleg nedgang frå i fjor, då vi estimerte mangelen til 11 500 personar. Det er særleg mangel på tømrrarar og snekkjarar (1

250), elektrikarar (1 250), samt røyrleggjarar og VVS-montørar (850).

Yrkesgruppa med tredje størst mangel er industriarbeid, med ein estimert mangel på 6 600 personar, sjølv om det også denne yrkesgruppa er redusert mangel samanlikna med i fjor. Innan denne yrkesgruppa er det særleg mangel på sveisarar (700), anleggsmaskin- og industrimekanikarar (700) og automatikarar (600).

Det er svært få personar som er registrert som arbeidslause i april 2023, og dette gjeld på tvers av dei fleste yrkesbakgrunnar (tabell 2). Relativt til kor mange personar ein manglar i innan dei enkelte yrkesgruppene er det likevel enkelte yrker som skil seg ut. Dette gjeld spesielt helse, pleie og omsorg samt undervisning, der mangelen er fleire gonger så stor som talet på arbeidslause med desse yrkesbakgrunnane.

² «Andre helseyrker» må bli sett på som ein samlepost for helseyrker respondentane ikkje finner i yrkestilane dei kan velje mellom. Det same gjeld for andre yrkestillar som inneheldt «andre».

Tabell 2. Mangel på arbeidskraft våren 2023 etter yrkesgruppe, samanlikna med tal på heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak april 2023.

	Mangel på arbeidskraft i antall personer	Helt ledige og arbeidssøkere på tiltak i april 2023
Ledere	600	2 150
Ingeniør- og ikt-fag	4 800	3 000
Undervisning	3 000	1 350
Akademiske yrker	1 250	1 050
Helse, pleie og omsorg	13 000	3 850
Barne- og ungdomsarbeid	550	2 200
Meglere og konsulenter	1 650	1 500
Kontorarbeid	1 750	5 150
Butikk- og salgsarbeid	4 300	6 400
Jordbruk, skogbruk og fiske	550	1 000
Bygg og anlegg	6 750	7 750
Industriarbeid	6 600	6 450
Reiseliv og transport	5 000	6 400
Serviceyrker og annet arbeid	3 050	7 000
Ingen yrkesbakgrunn eller uoppgitt		8 750
I alt	52 850	63 900

Kjelde: NAV

Reduserte sysselsettingsforventingar

Nettoandelen verksemdar som ventar sysselsettingsvekst er på 13 prosent. Dette er 9 prosentpoeng lågare enn i fjor, men om lag på nivå med den føregåande femårsperioden. 25 prosent av verksemdene ventar å auke bemanninga det komande året, 11 prosent ventar nedgang, medan 64 prosent ikkje ventar endring i bemanningssituasjonen (tabell 3).

I figur 3 ser vi nettoandelen verksemdar som ventar å auke bemanninga dei neste tolv månadane (venstre akse), samt årleg sysselsettingsvekst ifølgje Arbeidskraftundersøkelsen (AKU) og nasjonalrekneskapet frå 2003 til 2022 (høgre akse). Nettoandelen verksemdar som ventar å auke bemanninga har vist seg å korrelere godt med den faktiske sysselsettingsveksten

Tabell 3. NAVs sysselsettingsbarometer. Prosentandel virksomheter som ventar redusert, uendret eller auka sysselsetting.

	Nedgang	Uendret	Økning	Nettoandel
2003	13	65	21	8
2004	12	64	24	12
2005	10	65	24	14
2006	8	61	31	22
2007	7	57	36	29
2008	7	56	36	29
2009	13	64	23	10
2010	12	63	25	12
2011	11	62	27	16
2012	11	65	24	14
2013	11	65	25	14
2014	11	68	21	10
2015	11	69	20	8
2016	12	67	21	10
2017	10	66	24	14
2018	10	66	24	14
2019	11	64	25	15
2020	12	63	25	14
2021	11	63	26	15
2022	9	60	31	22
2023	11	64	25	13


Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2023

same år, sjølv om det enkelte år er avvik. Avviket var særleg stort i 2020, då datainnsamlinga vart gjennomført i perioden rett før koronapandemien.

NAVs sysselsettingsbarometer

Sysselsettingsbarometeret vert utarbeida basert på resultat frå bedriftsundersøkinga. Talverdien i sysselsettingsbarometeret viser differansen mellom prosentdel verksemdar som oppgjev at dei ventar auka sysselsetting og prosentdel verksemdar som ventar nedgang. Dette gir ein indikasjon på verksemdene sin forventning for det komande året. Ein høg verdi på sysselsettingsbarometeret er eit teikn på høg etterspurnad etter arbeidskraft i den aktuelle næringa.

Figur 3. Nettoandel verksemdar som ventar auka bemanning dei neste 12 månadane (venstre akse). Årleg sysselsettingsvekst ifølgje nasjonalregnskapet og AKU (høgre akse). Prosent.




Kjelde: NAVs bedriftsundersøking, SSBs nasjonalregneskap, SSBs arbeidskraftundersøking

Det er klart fleire verksemdar som ventar auka heller enn redusert bemanning i alle fylker, men verksemdene er klart meir pessimistiske enn i fjor i dei fleste fylker. Den høgaste nettoandelen verksemdar som ventar auka bemanning finner vi i Nordland (23 prosent), som også er det einaste fylket med betra utsikter frå i fjor. Etter Nordland er dei mest optimistiske verksemdene å finne i Trøndelag (18 prosent) samt Troms og Finnmark (17 prosent) (figur 4). Nettoande-

len er lågast i Øst-Viken (9 prosent) og Møre og Romsdal (11 prosent).

Samanlikna med fjoråret er det størst endringar i forventingane i Oslo, Vestland og Øst-Viken. I Oslo er nettoandelen som ventar auka sysselsetting 12 prosentpoeng lågare enn i fjorårets undersøking, og den tilsvarende nedgangen for Vestland og Øst-Viken er på 10 prosentpoeng.

Figur 4. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettoandel verksemdar som ventar auke i sysselsettinga, etter region/fylke. Prosent.



Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2023 og 2022

4. NOKRE UTVALDE NÆRINGAR

Vi vil her sjå nærare på resultata for ulike yrker og næringar. Inndeling i yrker og næringar byggjer på ulike klassifiseringsprinsipp. Næring viser kva slags produksjon som hovudsakeleg føregår i verksemda, medan yrkesnemninga viser kva slags arbeidsoppgåver som vert utført av ein arbeidstakar. Innanfor den enkelte næringa vil det vere eit breitt spekter av yrker.

Størst mangel innan helse- og sosialtenestene

Helse- og sosialtenestene sysselset om lag 1 av 5 i Noreg, og er også den næringa som rapporterer om størst mangel på arbeidskraft. Mangelen i årets undersøking er estimert til 14 600 personar (tabell 5), 1 500 færre enn i fjor, men likevel på eit høgt nivå historisk sett. Mangelen er betydeleg i alle landets fylker, og innanfor fleire ulike yrkesgrupper. Det er særleg stor mangel på sjukepleiarar (4 650), og dette er også det enkeltyrket som det vert rapportert om størst mangel på (tabell 7).

Innanfor denne næringa er det også den klart høgaste prosentdelen av verksemder som oppgjev å ha hatt rekrutteringsproblem, med 44 prosent (figur 7), og 40 prosent har hatt rekrutteringsproblem på grunn av for få kvalifiserte søkjarar (figur 8). Dette er noko høgare enn i fjorårets undersøking, då 41 prosent oppga at dei hadde hatt rekrutteringsproblem, og 37 prosent oppga rekrutteringsproblem på grunn av for få kvalifiserte søkjarar.

Ifølge tal frå nasjonalrekneskapet auka sysselsettinga innan helse- og omsorgstenester med 0,9 prosent frå 2021 til 2022, etter ein oppgang på 1,9 prosent året før.

Nettoandelen verksemder som ventar vekst i sysselsettinga det kommande året er på 9 prosent (figur 5), likt som i fjor.

Størst optimisme innan informasjon og kommunikasjon

Informasjon og kommunikasjon er næringa som har størst nettoandel verksemder som ventar auka bemaning det kommande året, i år som i fjor, men verksem-

dene har blitt mindre positive sidan i fjor (29 mot 47 prosent) (figur 5). Bruttoproduktet innan denne næringa auka med 7,6 prosent frå 2021 til 2022, etter ein auke på 6,7 prosent i 2021. Også sysselsettinga har auka betydeleg innanfor denne næringa dei to siste åra, med 8,3 prosent i 2022 og 5,8 prosent det føregåande året.

Den estimerte mangelen på kvalifisert arbeidskraft i næringa har gått ned, frå 2 650 i fjor, til 1 200 i år. Mangelen er dermed tilbake til nivået før pandemien (i 2019).

Prosentdelen verksemder som oppgjev at dei har hatt rekrutteringsproblem er klart lågare i år (22 prosent) samanlikna med i fjor (32 prosent) (figur 7). Prosentdelen som har hatt rekrutteringsproblem grunna for få kvalifiserte søkjarar har også gått ned frå i fjor, frå 26 prosent i fjor til 16 prosent i år (figur 8).

Økt pessimisme i industrien

Nettoandelen verksemder som ventar auka sysselsetting innan industrien er på 19 prosent i år, ned frå 31 prosent i fjor (figur 5). Men det er store skilnadar mellom dei ulike industrinæringane. Mest optimisme er det innan produksjon av elektriske og optiske produkt, der 36 prosent av verksemdene ventar auka sysselsetting, medan optimismen er minst innan treforedling og grafisk produksjon, der nettoandelen er på 2 prosent.

Etter ein betydeleg nedgang på 5,3 prosent i 2020, henta bruttoproduktet innan industrien seg berre delvis inn i dei to påfølgande åra, med 4,0 prosent i 2021, og 0,6 prosent i 2022. Også sysselsettinga i industrien falt tydeleg i 2020, men denne henta seg inn att i 2022.

Den estimerte mangelen på arbeidskraft innan industrien er på 3 250 personar (tabell 5). Dette er ein nedgang på 1 250 frå i fjor, men er mangelen er likevel høgare enn den var for to år sidan. Det er rapportert om størst mangel innan produksjon av maskiner og utstyr (1 150), produksjon av nærings- og nyttingsmiddel (700) og produksjon av metallvarer (650).


25 prosent av verksemdene har rapportert om rekrutteringsproblem, om lag uendra frå i fjor (figur 7). Her er det også store skilnadar mellom dei ulike industri-næringane. Størst rekrutteringsproblem var det blant verksemdar innan produksjon av metallvarer, der 33 prosent av verksemdene meldar om problem

med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. Innan treforedling og grafisk produksjon var det derimot berre 11 prosent av verksemdene som mislukkast i å rekruttere arbeidskraft eller måtte tilsette nokon med lågare formell kompetanse enn det dei søkte etter.

Tabell 4. NAVs sysselsettingsbarometer, etter næring. Prosentandel verksemdar som ventar redusert, uendra eller auka sysselsetting.

	Nedgang	Uendret	Økning	Nettoandel
Jordbruk, skogbruk og fiske	11	75	14	3
Bergverksdrift og utvinning	11	58	30	19
Industrien totalt	11	60	30	19
-Nærings- og nytelsemidler	14	67	19	4
-Tekstil- og lærvarer	11	71	18	6
-Trevarer	14	68	19	5
-Treforedling og grafisk prod.	15	69	16	2
-Petroleum og kjemisk prod.	6	63	30	24
-Prod. av annen industri	11	71	18	7
-Prod. av metallvarer	8	53	39	31
-Prod. av maskiner og utstyr	6	53	41	35
-Prod. av elektriske og optiske produkter	11	42	47	36
Elektrisitet, vann og renovasjon	7	62	30	23
Bygge- og anleggsvirksomhet	11	61	28	18
Varehandel, motorvognreparasjoner	11	69	21	10
Transport og lagring	12	64	24	12
Overnattings- og serveringsvirksomhet	11	59	29	18
Informasjon og kommunikasjon	11	49	40	29
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	7	63	30	23
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	8	57	35	27
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	16	63	21	5
Undervisning	19	64	17	-2
Helse- og sosialtjeneste	12	66	22	10
Personlig tjenesteyting	9	69	23	14

Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2023

Figur 5. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettoandel verksemder som ventar auke i sysselsettinga, etter næring. Prosent.

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023 og 2022


* Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordningar underlagt offentlig forvaltning

Redusert mangel innan bygge- og anleggsnæringa

Mangelen på arbeidskraft innan bygge- og anleggsverksemd har gått kraftig ned, frå 13 700 personar i fjor, til 7 600 personar i år (tabell 5). Målt med stramleiksindikatoren er dette likevel framleis næringa med den nest største mangelen. Mangelen innan bygge- og


anleggsverksemd er høgast i Øst-Viken og Møre og Romsdal, med ein mangel på høvesvis 1 000 og 900 personar.

Bruttoproduktet innan bygge- og anleggsverksemd auka med 4,4 prosent i 2022, og sysselsettinga auka med 4,6 prosent. Framover er verksemdene meir pessi-

Figur 6. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettoandel verksemder som ventar auka sysselsetting, etter industrinæring.

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023 og 2022

Figur 7. Verksemder som har mislykkast i å rekruttere arbeidskraft eller måtta tilsette nokon med annan formell kompetanse enn ein søkte etter, etter næring. Prosent.



Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023

mistiske, og sysselsettingsforventningane er nærmast halverte frå i fjor. I årets undersøking er nettoandelen som ventar auka sysselsetting 18 prosent, medan den var 34 prosent i fjor (figur 5). Denne reduserte optimismen kjem også til uttrykk i statistikk over talet på igongsette byggeprosjekt. Boligprodusentenes Foreining meldar at dei aldri har målt svakare sal og igongsetting av bustadprosjekt i første kvartal enn i 2023.

Prosentdelen verksemdar som melder om rekrutteringsproblem har gått ned frå 32 prosent i 2022 til 26 prosent i år. 21 prosent av verksemdene har hatt rekrutteringsproblem som følgje av for få kvalifiserte søkjarar (figur 8), mot 28 prosent i fjorårets undersøking.

Redusert optimisme innan overnattings- og serveringsverksemd


Overnattings- og serveringsverksemd har vore i ein spesiell posisjon dei siste par åra, med betydeleg redusert aktivitet under pandemien, og rask omvelting til

høg etterspurnad då dei siste smitteverntiltaka vart fjerna i fjor vinter. Fjorårets undersøking var gjennomført i denne omstillingsperioden frå låg til høg etterspurnad, og nettoandelen verksemdar som venta auka sysselsetting i næringa var på 44 prosent, noko som gjorde den til den nest mest optimistiske næringa. I år er situasjonen ein annan, og nettoandelen verksemdar som ventar auka sysselsetting er redusert til 18 prosent.

Talet på sysselsette innan denne næringa gjekk kraftig ned i både 2020 og 2021, men henta seg inn att i 2022, og talet på sysselsette i næringa var i 4,4 prosent høgare i 2022 enn i 2019.

Mangelen på arbeidskraft er estimert til 3 500 personar, ned frå 6 050 i fjor, men likevel betydeleg høgare enn i 2021, då mangelen var estimert til 2 200 personar. Ifølgje NAV sin stramleiksindikator har denne næringa den strammaste arbeidsmarknaden.

Figur 8. Verksemder med rekrutteringsproblem som skuldast for få/ingen kvalifiserte søkjarar eller om det er andre årsaker, etter næring. Prosent.



Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023

Rekrutteringsvanskar innan bergverksdrift og utvinning av råolje og naturgass

Prosentdelen verksemder som meldte om problem med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft er 22 prosent (figur 7). 17 prosent av verksemdene meldte om rekrutteringsproblem som skuldast for få kvalifiserte søkjarar, medan 4 prosent av verksemdene rapporterte at dei hadde rekrutteringsproblem av andre årsaker (figur 8). Mangelen på arbeidskraft auka frå 550 i 2022 til 750 personar i år (tabell 5).

Nettoandelen verksemder som ventar auka sysselsetting er om lag 10 prosentpoeng lågare enn i fjor, og er i år på 19 prosent (tabell 4). Sysselsettinga innanfor denne næringa auka med 3,1 prosent i 2022, og har auka betydeleg sidan botnpunktet i 2017, men den er framleis klart lågare enn før oljeprisfallet i 2014/15. Samtidig har bruttoproduktet falt med 1,2 prosent, etter en økning på 1,9 prosent i fjor.

Offentleg sektor

Offentleg sektor består mellom anna av offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordningar underlagt offentlig forvaltning, offentlig finansiert undervisning, samt helse- og sosialtenester. Sektoren står for over ein tredjedel av sysselsettinga i Noreg. Etter som sysselsettingsutviklinga i stor grad vert styrt av offentlege budsjett er sysselsettingsforventningane stort sett avmålte, og det er også tilfellet i år. Innanfor helse- og sosialtenester er nettoandelen som ventar auka sysselsetting på 10 prosent, mot 9 prosent i fjor. Undervisning er den einaste næringa med negativ nettoandel verksemder som ventar auka sysselsetting, med -2 prosent.

Sysselsettinga innan offentlig forvaltning auka med 0,9 prosent i år, etter ein auke på 1,8 prosent i fjor. I år er auken størst innan sivil statsforvaltning, medan det i fjor var sysselsettinga innan forsvaret som auka mest.

5. TABELLEDLEGG

Tabell V1. Estimert mangel på arbeidskraft fordelt på næringer.

	Mangel på arbeidskraft i antall personer	95 % konfidensintervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidensintervall for estimert mangel, øvre grense	NAVs stramhetsindikator	Prosentvis andel bedrifter med alvorlige rekrutteringsproblemer
Jordbruk, skogbruk og fiske	650	456	912	1,0	11
Bergverksdrift og utvinning	750	521	987	1,4	12
Industrien	3 250	2 941	3 684	1,5	18
Nærings- og nytelsemidler	700	554	925	1,5	29
Tekstil- og lærvarer	50	50	78	1,4	8
Trevarer	100	98	138	0,9	28
Treforedling og grafisk prod.	50	28	44	0,7	19
Petroleum og kjemiske prod.	100	74	96	0,5	21
Prod. av annen industri	200	157	328	1,2	12
Prod. av metallvarer	650	564	797	2,1	16
Prod. av maskiner og utstyr	1 150	922	1 354	2,1	21
Prod. av elektriske og optiske produkter	250	212	282	1,4	18
Elektrisitet, vann og renovasjon	250	177	295	0,7	13
Bygge- og anleggsvirksomhet	7 600	6 072	8 971	3,1	17
Varehandel, motorvognreparasjoner	6 800	4 872	9 231	1,9	16
Transport og lagring	2 100	1 574	2 741	1,6	16
Overnattings- og serveringsvirksomhet	3 500	2 694	4 247	3,3	25
Informasjon og kommunikasjon	1 200	801	1 887	1,1	14
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	250	167	360	0,5	13
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	6 350	4 995	7 671	1,9	18
Offentlig forvaltning	1 150	983	1 351	0,6	27
Undervisning	2 600	2 239	3 041	1,1	40
Helse- og sosialtjeneste	14 600	13 209	15 839	2,5	6
Personlig tjenesteyting	1 800	1 401	2 269	1,5	13
I alt	52 900	49 052	55 866	1,9	21

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023

Tabell V2. Estimert mangel på arbeidskraft fordelt på næringer og fylke/regionar. 2023.

	Øst-viken	Vest-viken	Oslo	Innlandet	Vestfold og Telemark	Agder
Jordbruk, skogbruk og fiske	50	50	0	100	50	50
Bergverksdrift og utvinning	0	100	0	0	50	0
Industrien	300	250	100	200	300	200
Nærings- og nytelsemidler	50	0	50	50	50	0
Tekstil- og lærvarer	0	0	0	0	0	0
Trevarer	0	0	0	0	0	0
Treforedling og grafisk prod.	0	0	0	0	0	0
Petroleum og kjemiske prod.	0	0	0	0	0	0
Prod. av annen industri	50	0	0	0	0	0
Prod. av metallvarer	50	50	0	50	100	50
Prod. av maskiner og utstyr	50	100	50	50	100	100
Prod. av elektriske og optiske produkter	50	50	0	0	50	0
Elektrisitet, vann og renovasjon	0	0	0	0	0	0
Bygge- og anleggsvirksomhet	1 000	700	450	450	450	300
Varehandel, motorvognreparasjoner	700	400	1 250	300	550	450
Transport og lagring	150	100	300	100	150	100
Overnattings- og serveringsvirksomhet	300	400	550	200	250	350
Informasjon og kommunikasjon	0	150	450	50	100	0
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	0	50	100	0	0	0
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	600	400	1 550	350	300	250
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	100	50	200	100	50	50
Undervisning	450	250	250	150	100	100
Helse- og sosialtjeneste	2 050	1 050	1 100	1 150	1 050	900
Personlig tjenesteyting	100	150	350	100	100	150
I alt	5 800	4 050	6 650	3 250	3 500	2 850

	Rogaland	Vestland	Møre og Romsdal	Trøndelag	Nordland	Troms og Finnmark
Jordbruk, skogbruk og fiske	50	50	50	50	100	100
Bergverksdrift og utvinning	400	100	100	0	0	50
Industrien	350	600	250	250	150	200
Nærings- og nytelsemidler	50	100	50	50	50	150
Tekstil- og lærvarer	0	0	0	0	0	0
Trevarer	0	50	0	0	0	0
Treforedling og grafisk prod.	0	0	0	0	0	0
Petroleum og kjemiske prod.	0	0	0	0	0	0
Prod. av annen industri	0	0	0	0	0	0
Prod. av metallvarer	100	150	50	50	50	0
Prod. av maskiner og utstyr	200	300	150	50	50	50
Prod. av elektriske og optiske produkter	0	0	0	50	0	0
Elektrisitet, vann og renovasjon	0	0	0	0	0	0
Bygge- og anleggsvirksomhet	750	700	900	800	400	550
Varehandel, motorvognreparasjoner	450	800	350	650	350	600
Transport og lagring	150	300	100	250	200	250
Overnattings- og serveringsvirksomhet	200	250	150	350	250	300
Informasjon og kommunikasjon	100	50	0	250	0	50
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	0	0	0	50	0	0
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	500	600	300	750	350	500
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	50	100	50	150	100	100
Undervisning	300	200	150	250	200	250
Helse- og sosialtjeneste	1 300	1 350	850	1 350	1 200	1 300
Personlig tjenesteyting	100	150	50	250	150	150
I alt	4 750	5 250	3 350	5 400	3 500	4 450

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023

Tabell V3. Estimert mangel på arbeidskraft for utvalgte yrke. Sortert etter talet på personer verksemdene manglar. 2023.

	Mangel på arbeidskraft i antall personer	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, nedre grense	95 % konfidens- intervall for estimert mangel, øvre grense	NAV's stramhets- indikator
Sykepleiere	4 650	4 144	5 102	7,2
Helsefagarbeidere	2 700	2 136	3 205	2,7
Andre helseyrker	1 950	1 529	2 551	52,3
Butikkmedarbeidere	1 600	939	2 535	1,0
Kokker	1 450	950	1 845	6,5
Tømrere og snekkere	1 250	716	1 818	2,6
Elektrikere	1 250	810	1 630	3,7
Grunnskolelærere	1 100	816	1 311	1,3
Lastebil- og trailersjåfører	950	727	1 241	3,7
Legespesialister	900	690	1 101	5,3
Rørleggere og VVS-montører	850	544	1 302	4,6
Servitører	800	442	1 218	3,4
Andre salgsmedarbeidere	750	492	1 102	19,8
Vernepleiere	700	497	847	3,4
Gatekjøkken- og kafémedarbeidere mv.	700	384	1 050	4,8
Sveisere	700	458	903	11,4
Anleggsmaskin- og industrimekanikere	700	480	842	3,1
Betongarbeidere	650	321	1 162	6,7
Isolatører mv.	650	77	1 172	39,1
Andre håndverkere	650	360	907	41,6
Renholdere i bedrifter	650	363	1 036	1,1
Spesialsykepleiere	600	458	732	2,0
Revisorer, regnskapsrådgivere	600	223	967	3,8
Programvareutviklere	600	422	802	7,6
Automatikere	600	369	907	9,2
Bussjåfører og trikkeførere	550	308	891	3,4
Andre personlige tjenesteytere	500	165	860	51,5
Barnehage- og skolefritidsassistenter mv.	500	311	731	0,5
Bil-, drosje- og varebilførere	500	224	1 006	3,3
Bilmekanikere	450	220	767	2,1
Allmennpraktiserende leger	400	213	547	5,2
Førskolelærere	400	287	555	1,1
Regnskapsmedarbeidere	400	195	670	2,2
Frisører	400	238	589	4,3
Telefon- og nettselgere	400	170	778	8,1
Overflatebehandlere og lakkerere	400	106	720	13,1

Platearbeidere	400	250	608	9,5
Energimontører	400	75	976	8,2
Anleggsmaskinførere	400	265	618	2,1
Sivilingeniører (bygg og anlegg)	350	132	706	1,4
Psykologer	350	257	488	3,9
Andre administrative ledere	300	193	394	1,3
Andre ledere av produksjon og tjenesteyting	300	145	524	5,0
Sivilingeniører (industri og produksjon)	300	169	492	21,6
Yrkesfaglærere	300	226	445	26,8
Systemanalytikere/-arkitekter	300	192	454	1,0
Andre ingeniører	300	181	397	1,1
Kontorarbeidere	300	89	737	0,5
Andre pleiemedarbeidere	300	96	503	0,4
Universitets og høyskolelektorer/-lærere	250	127	327	0,7
Andre lærere	250	165	350	8,7
Jurister og advokater	250	138	317	2,2
Bioingeniører	250	113	368	2,9
Regnskapsførere	250	152	398	1,4
Forsikrings- og finansmedarbeidere	250	97	461	36,5
Dørselgere	250	15	742	48,1
Servicemedarbeidere (bensinstasjon)	250	43	570	24,3
Vektore	250	90	480	2,4
Operatører innen næringsmiddelproduksjon	250	135	394	1,0
Montører av mekaniske produkter	250	153	414	12,3
Ledere av industriproduksjon mv.	200	91	376	1,8
Ledere av bygge- og	200	89	331	1,4
Sivilingeniører (elektronikk)	200	123	298	4,3
Finans- og investeringsrådgivere	200	61	465	2,5
Høyere saksbehandlere i offentlig og privat virksomhet	200	102	345	0,3
Bygningsingeniører	200	84	358	1,1
Elektronikkingeniører	200	118	293	1,4
Ingeniører innen petroleum, bergverk og metallurgi	200	110	359	1,7
Sports- og aktivitetsinstruktører	200	29	460	4,4
Butikkavdelingssjefer	200	111	418	3,8
Fengselsbetjenter	200	30	410	5,1
Malere og byggtapetserere	200	74	341	2,5
Metalldreiere mv.	200	92	314	6,4
Lokomotiv og T-baneførere	200	20	506	8,4
Sivilingeniører (maskin- og marin- teknikk)	150	68	249	3,8
Sivilingeniører (telekommunikasjon)	150	58	277	22,5
Lektorer mv. (videregående skole)	150	77	204	0,5

Spesialister i pedagogikk	150	52	348	6,8
Spesiallærere / spesialpedagoger	150	89	210	4,9
Applikasjonsprogrammerere	150	60	255	34,5
Sikkerhetsanalytikere mv.	150	72	280	8,5
Rådgivere/forskere, samfunns-vitenskap	150	48	265	11,7
Eiendomsmeglere og -forvaltere	150	49	299	2,3
Nettverks- og systemteknikere, IKT	150	73	191	16,4
Bartendere	150	40	277	1,9
Hjemmehjelper	150	34	289	1,1
Andre bygningsarbeidere	150	35	349	4,8
Serviceelektronikere	150	66	228	7,5
Bakere, konditorer mv.	150	108	272	8,8
Andre stasjonære maskinoperatører	150	88	256	100,0
Montører av elektriske og elektroniske produkter	150	72	256	4,2
Andre hjelpearbeidere i industri	150	28	307	1,9
Kjøkkenassistenter	150	44	217	0,6
Ledere av utdanning og undervisning	100	29	189	0,9
Restaurantsjefer	100	38	171	2,9
Sivilingeniører (miljøteknikk)	100	17	226	22,7
Sivilingeniører (elkraftteknikk)	100	21	217	2,2
Jordmødre	100	47	228	4,4
Andre språklærere	100	34	138	30,5
Reklame- og markedsføringsrådgivere	100	28	199	1,0
Salgskonsulenter innen IKT-produkter	100	10	374	15,8
Andre programvare- og applikasjonsutviklere	100	57	216	0,6
Rådgivere innen sosiale fagfelt	100	55	197	0,8
Maskiningeniører	100	62	188	1,4
Innkjøpere	100	29	138	1,2
Politibetjenter mv.	100	23	130	0,6
Andre yrker innen offentlig forvaltning	100	18	197	1,2
Kundebehandlere, bank og postkontor	100	21	252	17,2
Kundesentermedarbeidere	100	8	269	1,8
Lønningsmedarbeidere	100	34	219	4,9
Logistikkmedarbeidere	100	27	251	1,3
Melke og husdyrprodusenter	100	66	178	3,4
Havbruksarbeidere	100	44	219	1,7
Murere	100	39	225	2,6
Taktekkere	100	28	247	7,1
Kopper- og blikkenslagere	100	22	143	1,7
Operatører innen metallflatebehandling	100	31	144	100,0
Operatører innen kjemisk industri	100	42	134	0,9

Kran- og heisførere mv.	100	13	330	6,1
Håndpakkere mv.	100	10	267	8,4
Finans- og økonomisjefer	50	27	120	0,8
Personalsjefer	50	19	96	2,2
Strategi- og planleggingssjefer	50	9	65	0,7
Salgs- og markedssjefer	50	32	153	0,4
Forsknings- og utviklingsledere	50	10	73	1,2
Ledere innen akvakultur mv.	50	6	109	12,7
Ledere av logistikk og transport mv.	50	12	149	0,7
Ledere av IKT-enheter	50	11	83	0,6
Ledere av helsetjenester	50	23	151	0,7
Varehandelssjefer	50	12	103	0,1
Andre daglige ledere i tjenesteytende virksomheter	50	3	58	2,5
Matematikere, statistikere mv.	50	7	90	2,7
Miljøvernrådgivere	50	8	116	6,8
Sivilingeniører (kjemi)	50	27	127	7,2
Sivilingeniører (geofag, petro- leumsteknologi, metallurgi mv.)	50	17	91	0,3
Andre sivilingeniører (unntatt elektroteknologi)	50	15	97	0,7
Sivilarkitekter	50	5	62	0,4
Arealplanleggere	50	22	197	4,9
Veterinærer	50	21	151	3,9
Andre musikk lærere	50	9	43	0,8
Andre IKT-lærere	50	4	62	29,8
Finansanalytikere	50	6	137	0,4
Organisasjonsrådgivere mv.	50	15	115	0,4
Personal- og karriererådgivere	50	14	115	0,4
Rådgivere innen kompetanseutvikling	50	3	74	3,2
Salgskonsulenter innen tekniske og medisinske produkter	50	6	174	2,1
Databasedesignere og -administratorer	50	22	150	12,8
Systemadministratorer	50	24	95	3,5
Andre juridiske yrker	50	13	96	4,1
Rådgivere/forskere, samfunns-økonomi	50	6	74	2,3
Geistlige yrker	50	9	53	1,1
Journalister	50	13	70	0,4
Dirigenter, komponister, musikere og sangere	50	5	55	1,2
Elkraftingeniører	50	39	118	1,4
Kjemiingeniører	50	8	64	1,1
Dyrepleiere	50	11	183	4,7
Helsesekretærer	50	29	105	0,7
Kundebehandlere lån og kreditt	50	4	106	0,3
Saksbehandlere innen sosiale ytelser	50	3	62	0,6

Religiøse yrker	50	10	62	1,1
Trenere og idrettsdommere	50	6	86	0,8
Sjefskokker	50	20	110	1,8
Andre yrker innen estetiske fag	50	12	91	2,4
Driftsteknikere, IKT	50	16	55	0,2
Reisebyråmedarbeidere mv.	50	5	194	1,5
Sentralbordoperatører	50	3	145	4,0
Hotellresepsjonister	50	5	169	0,7
Postbud og postsortere	50	5	181	1,8
Personalkontormedarbeidere	50	4	115	6,6
Renholdsledere i bedrifter	50	5	163	2,5
Innehavere av kiosk/liten butikk	50	2	105	18,7
Skoleassistenter	50	33	128	0,6
Brannkonstabler	50	16	133	1,7
Gartnere	50	8	159	1,0
Skogbrukere	50	6	109	5,2
Gulv- og flisleggere	50	15	149	3,3
Gips- og sparklingsarbeidere	50	4	117	51,9
Kuldemontører mv.	50	14	175	5,3
Feiere, fasaderenholdere mv.	50	6	148	7,3
Vevere, strikkere mv. (innen husflidsproduksjon)	50	3	84	6,5
Tele- og IKT-installasatører	50	3	79	0,8
Slaktere, fiskehandlere mv.	50	20	99	2,5
Møbelsnekkere	50	29	97	2,9
Skreddere, buntmakere mv.	50	8	60	4,9
Operatører innen metallurgiske prosessfag	50	13	48	0,3
Operatører innen plastprodukter	50	26	112	2,2
Operatører innen treforedling	50	39	99	2,0
Andre montører	50	23	127	45,8
Truckførere	50	6	123	6,2
Dekks- og maskinmannskap (skip)	50	3	71	0,5
Bilvaskere	50	3	75	0,9
Hjelpearbeidere i husdyrproduksjon	50	7	174	8,5
Hjelpearbeidere i bygg	50	3	94	0,5
Renovasjonsarbeidere	50	5	103	0,9

Kjelde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023

6. METODISK VEDLEGG

Utvalg

I bedriftsundersøkinga vert det trekt eit utval av verksemder frå Bedrifts- og føretaksregisteret (Einingsregisteret). Utvalet vert trekt tilfeldig, men alle verksemder med meir enn 400 tilsette er med i utvalet. I tillegg er alle verksemder med meir enn 100 tilsette i næringane offentleg forvaltning, undervisning, helse- og sosialtenester og personleg tenesteyting med i utvalet. Dei er med fordi dette ofte er verksemder som skil seg frå andre, som til dømes sjukehus, når det gjeld kva yrker dei etterspør. Størrelsen på utvalet er bestemt slik at det skal sikrast representativitet på alle næringar (2-sifret NACE).

Innsamling av data

Det vert stilt i alt fem spørsmål i undersøkinga, sjå spørjeskjema i slutten av vedlegget. Dei utvalde verksemdene vert bedne om å svare på internett eller postalt. I undersøkinga har NAVs fylkeskontor ansvaret for datainnsamlinga.

Analyse

I dei tilfella der resultata på landsbasis skal presentast i form av prosentdelar, og ikkje absoluttverdiar,


vektast resultata. Eit døme på ein slik problemstilling er kartlegging av prosentdel verksemder som ventar sysselsettingsvekst i det kommande året. Ettersom næringane varierer i størrelse, er det naudsynt å tildele dei store næringane meir vekt enn dei små. Vektinga vert konstruert ut frå forholdet mellom tal på verksemder i næringa og tal på verksemder totalt. Ettersom utvalet har ein overrepresentasjon av store verksemder, må resultata innanfor kvar næring også vektast i forhold til prosentdelen små og store verksemder i populasjonen.

Mangel på arbeidskraft estimerast ved hjelp av ein modell som tek omsyn til verksemdenes geografiske kjenneteikn, næringsvise kjenneteikn, tal på tilsette og observert mangel. Resultatet vert brukt til å estimere mangelen på arbeidskraft i dei verksemdene som ikkje er med i utvalet.


Usikkerheit

Det vil knytte seg usikkerheit til desse estimata. Jo meir detaljert kjenneteikn det vert søkt på, desto større er usikkerheita knytta til estimatet. Til dømes er det større usikkerheit knytta til estimata for yrke enn det

Figur 9. Estimert mangel på arbeidskraft med konfidensintervall. Etter fylke.



Kilde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023

Figur 10. Estimert mangel på arbeidskraft med konfidensintervaller. Etter næring.

Kilde: NAVs bedriftsundersøkelse 2023

vil være for estimata for næringer. Dette fordi det er færre verksemdar som har oppgitt mangel på eit yrke enn innan ei næring, og estimatet vert dermed meir følsamt dersom en bedrift oppgir svært høg mangel samanlikna med andre.

NAV har rekna ut konfidensintervall for estimert mangel på arbeidskraft. Den faktiske mangelen vil

med 95 prosent sannsyn ligge innanfor dei respektive konfidensintervalla som er presentert i figurane. Nederste moglege grense for eit konfidensintervall kan ikkje være lågare enn observert mangel i utvalet. Ta kontakt med Arbeids- og velferdsdirektoratet for meir utdjupande informasjon om estimering av mangel på arbeidskraft og utrekning av konfidensintervall.

Spørreskjema

1. Hvor mange ansatte er det i bedriften i dag?

Ta med disse gruppene: Fast ansatte, midlertidig ansatte, lærlinger, permitterte, personer på arbeidsmarkedstiltak som dere har lønnsutgifter for og personer som er utleid til andre virksomheter, men som er ansatt hos dere.

Følgende tas ikke med: Innleid arbeidskraft.

Antall ansatte i dag:

2. Hvor mange ansatte venter dere å ha om ett år?

Ta med de samme gruppene som i spørsmål 1. Gi en vurdering ut fra bedriftens forventninger i dag.

Sett kun ett kryss.

- ☐ Flere enn i dag
- ☐ Like mange som i dag
- ☐ Færre enn i dag

3. Har bedriften de siste tre månedene forsøkt å rekruttere inn personer uten å få tak i rett/ønsket kompetanse?

Vi ønsker svar selv om dere ikke venter en økning i antall ansatte det kommende året. Med forsøkt å rekruttere menes her at bedriften aktivt har forsøkt å rekruttere ny(e) medarbeider(e) ved å lyse ut stilling, headhunte eller lignende, uten å lykkes.

- ☐ Ja, vi fikk ikke ansatt noen *Gå til spørsmål 4.*
- ☐ Vi fikk ikke ansatt noen med de kvalifikasjonene vi søkte etter, men har ansatt noen med lavere eller annen formell kompetanse *Gå til spørsmål 4.*
- ☐ Nei *Avslutt spørreundersøkelsen.*

4. Hva skyldes dette:

- ☐ Ingen/for få kvalifiserte søkere *Gå til spørsmål 5.*
- ☐ Annet *Avslutt spørreundersøkelsen.*

5. Innen hvilke yrker har dere forsøkt å rekruttere inn personer uten å få tak i rett/ønsket kompetanse, og hvor mange stillinger dreier det seg om?

Spesifiser hvilke yrker det gjelder. Ta både med stillinger hvor dere ikke har fått ansatt noen og stillinger hvor dere har måttet ansette personer med lavere eller andre kvalifikasjoner enn dere søkte etter. Hvis dere for eksempel har søkt etter en førskolelærer, men i stedet har måttet ansette en assistent, skal dere føre opp én førskolelærer. Korttidsengasjement på under 4 uker skal ikke tas med.

Yrke	Antall stillinger
.....	
.....	
.....	
.....	
.....	
.....	
.....	
.....	
.....	
.....	

UTGIVER
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 354
8601 Mo i Rana

OMBREKKING: Aksell AS
ISBN: 978-82-551-2536-5
ISSN (digital): 1891-005X
ISSN (trykt): 1504-7482

